

Trondheim, 29.10.2008

Kultur- og kirkedepartementet
postmottak@kkd.dep.no

HØYRING HØYRING - EVALUERING AV ABM-UTVIKLING

Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff) er ei stifting som yter tenester og bidrar til å samordna heile feltet som arbeider med folkemusikk og folkedans her i landet. Eit sakkunnig råd knyter saman organisasjons- og institusjonsfeltet som arbeider med folkemusikk og folkedans, både utøvarorganisasjonane, formidlingssektoren med m.a. festivalane som ei stor gruppe og arkivdrift, høgre utdanning og forskning.

Nettverk for folkemusikk- og folkedansarkiv

Mellom dei instansene som høyrer inn under Rff sitt verksemdsfelt er norske folkemusikk- og folkedansarkiv. Dei har organisert seg i eit eige nettverk med om lag 20 norske og fleire svenske og finske arkiv. Norsk senter for folkemusikk og folkedans, som sjølv har store arkiv, har i mange år organisert eit årleg arkivmøte for feltet. Nokre av dei lokale og regionale arkiva på vår sektor er knytte opp mot museum, men tilknytingsformene er mangfaldige.

Folkemusikk og folkedanssektoren sin plass i høve til ABM-utvikling


Under høyringa i Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om *St.meld. nr. 22 1999-2000 Kjelder til kunnskap og oppleving* 6. juni 2000 møtte representantar for Rådet for folkemusikk og folkedans på eige initiativ for å påpeika at folkemusikk- og folkedanssektoren ikkje var nemnt eller inkludert i utgreiinga, noko komitéen noterte seg. Vi har i tida sidan dette hatt nokre møte og ein del kontakt med ABM-utvikling, utan at det har blitt konkrete resultat. Sektoren er heller ikkje nemnt i *Evaluering av ABM-utvikling*, noko som er forståeleg, fordi vi i praksis ikkje har vore nokon del av ABM-feltet.

I den omfattande høyringslista til denne høyringa finst heller ikkje arkiv på vår sektor, heller ikkje organisasjonar eller andre instansar som ut frå måten lista er laga på naturleg kunne vore innbedne.

Poenget med å gjera merksam på dette er først og fremst å reflektera over kvifor det er slik. Folkemusikk og folkedanssektoren kan sjåast på som ein av dei tyngste aktørarane i vernet av estetisk immateriell kulturarv. Organisasjonsarbeid, opplæringsarbeid, bruksarenaer, festivalar og spesialiserte utdanningstilbod har stått for ein svært stor del av verksemda. Folkemusikken og –dansen er framleis i levande tradisjon i fleire lokalmiljø, og aktiviteten blir halde opp av eldsjeler i lokale lag og organisasjonar mange stader i tett samarbeid med lokale arkiv, kulturskular og andre institusjonar.

Arkiva er berre ein liten, om enn viktigare og viktigare del av aktive lokale miljø, for utdanningsinstitusjonane og musikkstudantar og aktive dansarar og spelemenn. Det gjer at vi har eit stor felt som i praksis står for vernet av dansen og musikken som immateriell kulturarv, men som har heilt andre strukturar, nettverk og arbeidsformer, og som til dels byggjer på andre presmissar enn dei som finst innafor feltet ABM-utvikling i praksis dekker.

Vi vil difor foreslå at tilhøvet mellom folkemusikk og folkedanssektoren og ABM-utvikling blir utgreidd når det gjeld arbeidet med kulturvern. Rådet og senteret stiller gjerne kompetanse til disposisjon for å bidra til ei slik utgreiing.



Egil Bakka
Direktør
Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Lene Furuli
rådsleiar
Rådet for folkemusikk og folkedans